

Kopi av teksten som Odd Bjarne la fram på representantskapsmøte haust 2013

Synspunkt på saueavl

Vektlegging på ulike eigenskapar .

Bra slik det er no med vektlegging mellom dei ulike eigenskapane i avlsmålet, men endringane siste tida ha ført til ustabilitet og uventa fall på t. d seminverene. Dette har igjen ført til uventa endringar på hodyr og lokale verer som ein har valt å satse på

Problem i vår lokale ring

Som mange andre ringar slit vi med å finne nok verer som held kravet på 127 poeng ved innsett for å få granskingsstilskot. Dette gjer at det vert sett inn ein del verer som på grunn av einskilde skavankar (bein og ull) ikkje burde vore nytta. I vår ring er det ikkje problemet at vi nyttar for lite semin, men indeksen til hodyra seminene vert brukt på er ikkje alltid så høg og når seminverene i tillegg dett 10-20 poeng neste år , er ein like langt.

Dei låge hodyrindeksane har i stor grad samanheng med at vi ved avl på buskapsnivå må gjere ein del andre prioriteringar enn ved utval av verer. Mange søyer med elendige indeksar kjem år etter år att med store og fine lam. Dei mjølkar godt, har ei god jurform, passar lamma sine og går i ein del av beitet der vi helst vil ha dei. Dei kjem aldri opp i indeks fordi indeksen til faren av ein eller annan grunn har gått i dass. Likevel vert det påsett lam etter dei og det må det vere rett å gjere , men eigen avdrått ser ikkje ut til å vere avgjerande for indeksen dyret får. Kva med ein eigen avdråttsindeks i tillegg til avlsindeksen for hodyra?

Vårt ynskje er at ein ikkje går til vidare innskjerping av indekskravet ved innsett. Vi er klar over at ein del ringar har fått dette betre til enn det vi har gjort, men då må det ei sterkare toppstyring til i ringen og med vår geografi er det ikkje lett å få til og det er viktig at toppstyringa ikkje er så diktatorisk at fotfolket får piggane ut og ikkje heng med.

Seminverene

Vi undrar oss litt over seminveruttaket. At Rogaland og andre sauefylke sør i landet er sterkt representerte står vel i høve til sauetalet, men dei tolkar regelverket med omsyn til ull på sin eigen måte. I kåringsreglane står det at svarte hår i kvit ullfell ikkje tolest. I ein travel kåringsbinge kan det vere lett å oversjå dette, men det kjem fram når dyret vert klipt og då burde det ikkje ha vore sett inn til gransking. I vår ring har vi praktisert det slik at verer der ein finn svartflekker etter kåring vert avskilta. Med det ein har å velje i på landsbasis skulle det ikkje vere nødvendig å sette slike verer på seminstasjonen.